



DET KONGELEGE ARBEIDS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 73

(1999-2000)

Pensjonar frå statskassa

*Tilråding frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet av 26.
mai 2000, godkjend i statsråd same dagen.*

I samsvar med § 75 bokstav i) i Grunnlova, legg departementet med dette fram for Stortinget ei liste over dei pensjonane som gjeld mellombels, og som ikkje blei reviderte av det førre Stortinget.

Heile summen av pensjonar som blei utbetalt i 1999 var på kr 13 811 000,- . Det er løyvd kr 14 000 000,- på kap.1541, post 01, Pensjonar frå statskassa, på statsbudsjettet for 2000.

For enkjer/enkjemenn gjeld pensjonen så lenge dei er ugifte.
Departementet vil få nemne to saker særskilt:

1 Mari Rangul

Mari Rangul og no avdøyde ektemann Bjørn Rangul var frå 1. januar 1988 tilsette som styrarar ved Kongsvoll Fjellstue, som staten arva i 1974.

Tenesta deira som styrarar er ikkje blitt medrekna som pensjonsgjevande tenestetid i Statens Pensjonskasse. Arbeids- og administrasjonsdepartementet skreiv i brev av 26. april 1999 til Miljøverndepartementet:

«Det er i følge lov om Statens Pensjonskasse av 28. juli 1949 § 5, første ledd, arbeidstakere i statens tjeneste (med minst 14/den gang 15 arbeidstimer pr. uke) som er medlemmer i Statens Pensjonskasse.

Som tjeneste i staten regnes utelukkende tjeneste i statsforvaltningen, ikke for eksempel arbeid i statsaksjeselskaper eller annen stats-eid virksomhet. Man legger avgjørende vekt på om den «institusjon» det gjelder, er behandlet som en del av statsforvaltningen i statsbudsjettet og stortingsvedtak for øvrig, jf. Jan Debes «I statens tjeneste» side 44-46. I denne forbindelse viser vi også til St.prp. nr 171 (1993-94) om statens overtakelse av Kongsvoll Fjellstue på Dovre, bl.a. side 6, hvor det er uttalt at «driften av fjellstuen forutsettes satt bort til fagkyndige hotellfolk». Det fremgår videre av saksdokumentene at bestyrerparet Rangul ble lønnet over Kongsvoll Fjellstues eget driftsbudsjett og ikke over statsbudsjettet. De var etter Arbeids- og administrasjonsdepartementets mening ikke omfattet av hovedtariffavtalen i staten. De ble riktignok lønnet tilsvarende et fastsatt lønnstrinn i regulativet, men de var ikke innplassert på statens lønnsregulativ, dvs. på lønnsplan og i stillingskode.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet finner å måtte opprettholde avgjørelsen i ovennevnte brev av 17.6.1988 fra daværende FAD om at bestyrerparet ikke hadde/har krav på medlemskap i Statens Pensjonskasse fordi de ikke kunne sies å være tilsatt i statens tjeneste.»

Stillingane til Bjørn og Mari Rangul er vidare ikkje blant dei nye stillingane som er tatt med i stortingsproposisjonane om innlemming av nye (andre) stillingar i Statens Pensjonskasse som er fremma i perioden, jf § 5, andre ledd i pensjonslova.

Det er søkt om pensjon frå statskassa til Mari Rangul. Saka gjeld spørsmål om tilleggspensjon til hennar enkjepensjon, for tenesta til Bjørn Rangul ved Kongsvoll Fjellstue i perioden 1. januar 1988 til 1. april 1996, og ikkje pensjon for Mari Rangul si eiga teneste ved fjellstua. Dette har samband med at pensjon frå statskassa - etter dei retningslinjer for slik pensjon som Stortinget har trekt opp - i regelen berre vert gitt som tilleggspensjon til ein pensjon som søkjaren får utbetalt for teneste som er pensjonsgjevande i Statens Pensjonskasse. Det er berre avdøyde Bjørn Rangul, og ikkje Mari Rangul, som har pensjonsgjevande tenestetid i Statens Pensjonskasse frå før, til saman 22 år og 4 månader.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet kan likevel ikkje treffe mellom-bels vedtak om pensjon frå statskassa i denne saka, då vilkåret for slik pensjon, om at tenesta må ha vore i statstenesta, ikkje er oppfylt, jf sitatet frå brevet av 26. april 1999.

På bakgrunn av dei heilt spesielle tilhøva i saka, legg Arbeids- og administrasjonsdepartementet likevel saka fram for Stortinget, og då med tilråding om at pensjon frå statskassa som ein enkjepensjon, blir gitt Mari Rangul på grunn av avdøyde ektemann Bjørn Rangul si styrarteneste ved Kongsvoll Fjellstue (1.1.1988-1.4.1996). Vi legg då avgjerande vekt på det Miljøverndepartementet m.a. skriv i sitt brev av 22. mars 1999 til Arbeids- og administrasjonsdepartementet, der det m.a. er sagt:

«I forbindelse med tilsettingen tok Ranguls opp spørsmålet om medlemskap i Statens Pensjonskasse. Miljøverndepartementet fulgte opp dette i 1988 overfor Statens Pensjonskasse/Administrasjonsdepartementet som sa nei til medlemskap. På grunn av uheldige omstendigheter knyttet til sykdom og personskifte i Miljøverndepartementet, ble avslaget på medlemskap forlagt og aldri fulgt opp eller brakt videre til Ranguls. Utover i 1990-årene opptrådte derfor spørsmålet om medlemskap i Pensjonskassen stadig som en uavklart sak hvor Ranguls ba om avklaring, men hvor vedkommende departementsavdeling aldri sluttbehandlet saken.»

Trass i dei innvendingane som er nemnde ovanfor, vil Arbeids- og administrasjonsdepartementet tilrå at Mari Rangul får pensjon frå statskassa. Departementet har ikkje gitt Mari Rangul noko tilsagn om pensjon frå statskassa, men ber Stortinget ta endeleg avgjerd i saka.

2 Telenor AS

I samband med at Televerket 1. november 1994 blei omdanna frå forvaltningsverksemd til aksjeselskapet Telenor AS, hadde ikkje Telenor AS lenger automatisk rett og plikt til å halde fram medlemskapet i Statens Pensjonskasse, men kunne velgje ei anna pensjonsordning. Telenor AS fekk likevel høve til å halde fram i Pensjonskassa inntil vidare. Med verknad frå 1. september 1995 valde Telenor AS å gå ut av Pensjonskassa. Arbeidstakarane i Telenor AS fekk frå samme tid oppsette rettar til pensjon etter lov om Statens Pensjonskasse, på same måte som andre som individuelt eller kollektivt går ut av Pensjonskassa.

Dei arbeidstakarane som blei oppsagte og fekk venteløn før utmeldinga pr 1. september 1995, blei av Statens Pensjonskasse rekna som «aktive medlemmer» på same måte som dei ordinære (statlege) ventelønsmottakarane, og kunne gå over frå venteløn til alderspensjon ved aldersgrensa for stillinga, eventuelt ved fylte 67 år. Det same gjaldt for dei som fekk uførepensjon.

Dei arbeidstakarane som blei oppsagte etter at Telenor AS melde seg ut (1. september 1995) og fekk venteløn, blir rekna som tidlegare medlemmer med oppsette rettar. Departementet har lagt til grunn at sjølv om nokon av dei tilsette blir sagt opp frå si stilling etter at Telenor AS er meldt ut av Pensjonskassa, og fått rett til venteløn, fører ikkje dette til at dei av den grunn på nytt blir medlemmer i Statens Pensjonskasse. Dette er det ikkje nokon heimel for, og departementet meiner at dei skal handsamast etter dei vanlege reglane om oppsette rettar etter lov om Statens Pensjonskasse. Det same gjeld dersom ventelønsmottakaren får rett til uførepensjon.

Årsaka til at departementet legg saka fram for Stortinget er at Telenor AS meiner at ein får ei ulik handsaming av dei tidlegare tilsette i selskapet, som heller ikkje er i tråd med intensjonen i lov om omdanning av forvaltningsbedrifta Televerket til aksjeselskap. Telenor AS meiner det er rimeleg å gå ut ifrå at arbeidstakarane i Telenor AS, som blei førde over frå Televerket, skulle få ha rettane som dei hadde som statstilsette i ein overgangsperiode.

Departementet har i brev av mars 1999 til Telenor AS mellom anna gjort merksam på følgjande:

«Vi vil imidlertid bemerke at lov om omdanning av forvaltningsbedrifta Televerket til aksjeselskap kun regulerer fortrinnsrett til annen stilling i staten og ventelønn. Loven regulerer derimot ikke pensjonsrettigheter. Dersom dette hadde vært regulert, hadde Telenor trolig blitt pålagt å opprettholde medlemskapet i Statens Pensjonskasse. Siden Telenor har valgt å gå ut av Pensjonskassen, oppstår denne forskjellen mellom ventelønsmottakerne. Vi understreker at denne forskjellen kun vil berøre de som har gått over på ventelønn etter at Telenor AS gikk ut av Statens Pensjonskasse. De som gikk over på ventelønn før utmeldingstidspunktet, behandles på samme måte som øvrige ventelønsmottakere.»

Når det gjeld uførepensjon, meiner departementet at ventelønsmottakarane i Telenor AS som går over på uførepensjon, ut frå reglane, har rett til ein oppsett uførepensjon, med ei oppteningstid på inntil 40 år, og ikkje ein løpande uføre-

pensjon, med oppteningstid på maksimum 30 år, som gjeld for dei ordinære uførepensjonistane. Årsaka er som nemnt ovanfor at dei tilsette i Telenor AS som var medlemmer i Statens Pensjonskasse fekk dei vanlege oppsette rettane etter lov om Statens Pensjonskasse på same måte som andre som individuelt eller kollektivt går ut av Pensjonskassa. Når arbeidstakarane på eit seinare tidspunkt blir gitt venteløn, blir situasjonen tilsvarende. At Telenor AS og dei tilsette ikkje har vore kjent med reglane er uheldig.

Trass i dei innvendingane som er nemnde ovanfor, legg Arbeids- og administrasjonsdepartementet saka fram for Stortinget etter ønskje frå Telenor AS.

Statens Pensjonskasse har rekna kontantverdien ved å gi ventelønsmottakarane i Telenor AS pensjonsrettar til brutto om lag 120 mill. kroner. Kontantverdien er den økonomiske plikta som ein samla vil kome opp i dersom pensjonsordninga skulle betale ut dei oppsparte pensjonsrettane for medlemmene på et gitt tidspunkt.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet meiner at dei tilsette som vart sagt opp i Telenor AS etter at verksemda melde seg ut av Statens Pensjonskasse og så har gått over på venteløn, skal handsamast som om dei har oppsette pensjonsrettar. Departementet meiner at dette er ei korrekt forståing av reglane.

Alternativet ville ha vore å sjå på desse personane som «aktive medlemmer» i Statens Pensjonskasse. Etter departementet si meining måtte ein då gje desse personane ein pensjon frå statskassa for å få det ønskje resultatet.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet tilrår at ein ikkje gir pensjon frå statskassa i desse sakene.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om pensjonar frå statskassa.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om mellombels pensjonar frå statskassa i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet ligg ved.

Forslag til vedtak:

Opplysningar om søkjaren				Pensjon			
Nr.	Namn	Alder ved avskjeden (for enkjer, noverande alder)	Pensjonsansiennitet	Vedteke	Brutto	Gitt frå	Merknad
	<i>Forsvarsdepartementet</i>						
1	Kristoffersen, Gunnar	60	4	21.01.99	1 717,-	01.02.96	
2	Wiik, Rudolf	62	5	12.05.99	2 837,-	01.04.99	
	<i>Justisdepartementet</i>						
3	Marthinsen, Berit	65	4	25.10.99	667,-	01.11.96	
	<i>Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet</i>						
4	Brevik, Maud	68	3	22.03.99	1 083,-	01.04.99	
	<i>Utanriksdepartementet</i>						
5	Bartolini, Guiseppe	81	-	12.05.98	3 000,-	01.05.97	
6	De Rivero, Ines Cabrera	68	-	15.06.98	1 528,-	01.09.98	
7	Golubovic, Djordje	72	-	13.12.99	202,-	01.12.99	
	<i>Andre</i>						
8	Amundsen, Karin Rigmor	67	3	24.09.99	683,-	01.12.99	
9	Bakke, Liv	67	2	20.04.99	849,-	01.04.99	
10	Fjeld, Bjørg	67	5	25.06.98	2 158,-	01.06.99	
11	Kristiansen, Barbro	67	4	28.05.98	1 814,-	01.09.99	